

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
051/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/1032	17/10353

### Innleiande drøfting økonomiplan 2018-21

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Rådmannen legg i møtet fram oppdatert grunnlagsinformasjon knytt til økonomiplan 2018-21, for generell drøfting.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

##### Formannskapet i Radøy - 051/2017

##### FS - handsaming:

Formannskapet gjorde ei grundig drøfting av aktuelle prosjekt og planar for dei nærmaste åra og inn i Alver kommune.

Rådmann Jarle Landås orienterte om moglege planar for rådhuset etter 2020. Ein moglegheitsstudie for Manger sentrum opnar for at rådhuset kan vera veleigna som lokale for t.d. bibliotek og kulturskule.

Ordførar Jon Askeland tok opp vegvedlikehaldet og konstaterer at kommunen er i ferd med å fullføra dekkeleggings-programmet, men at det no bør vurderast rekkverks-arbeid på dei kommunale vegane. Han ser også behov for tiltak som styrkar Manger sentrum som attraktiv både for busetjing og handel. Han meiner også det er fornuftig å sjå DPS-bygget og Helsestasjonen i ein heilskapleg samanheng, og peika på behovet for opprusting av ein del kommunale husvære.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) sa at det er svært trøngt og lite tenlege forhold på Helsehuset. Ho meiner det er behov for ein ny helsestasjon.

Kenneth Taule Murberg (H) ser behov for å sjå på den kommunale bygningsmassen i Radøy i samanheng. Han meiner det vil skapa synergiar ved å samla heile Prestmarka barnehage i DPS-bygget, og dermed få frigitt dagens barnehage til t.d. lege- og helsesenter. Han meiner også kommunen bør gå nye rundar for om mogleg å overta tidlegare REMA-lokale til bibliotek/ungdomsklubb - noko han meiner også vil løysa utfordringar knytt til bruk av Radøyhallen.

Rådmann Jarle Landås peika på at det er behov betydelege midlar for å gjennomføra trafikksikringsprosjekt. Dei prosjekta som no står for tur er relativt omfattande tiltak, og rådmannen meiner det vil vera greitt å gjera ei rullering av trafikksikringsplanen før dette.

Formannskapet signaliserte også at det vil vera aktuelt med ei oppgradering av kommunale vegar.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

**FS - vedtak:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.